

Fest i fjellet flyttast til båthamna

01.08.2015

Heller ikkje i år lukkast det å arrangera Fest i fjellet i fjellet. Det vart i ettermiddag bestemt at søndagens avsluttande arrangement skal avviklast i båthamna og ikkje ved Bjørnebølsfossen. Grunnen er at toreverfaren hindrar rigginga i fjellet. ikveld.

Flyttinga er praktisk ettersom scena for Lambasleppet står i båthamna. Eit revidert program er no under utarbeiding. Imidlertid vert det ikkje naudsynt å revidere det mykje med unnatak av flyttinga. Turlaget sitt opplegg går som planlagt med Aktivitetshuset som base og den planlagte turen til Ingahogg går også.

ETTER TURLAGET SITT ARRANGEMENT GÅR DEN PLANLAGDE KONSERTEN

Det har så langt ikkje lukkast å gjennomføra Fest i fjellet slik det har vore planlagt i 3 år og grunnen har vore ublide vergudar. I fjor vart arrangementet flytta til Helgheim og i år skulle dei freiste Bjørnebølsfossen som alternativ. Imidlertid opplyser meteorologane at torever trugar denne delen av landet og det vil difor vere for risikofylt å jobba med rigginga.

TEKST OG NETT: OLA MATTI MATHISEN